



Lærdal kommune

## Retningslinjer for bruk av viltfondet

Fastsett av Lærdal kommunestyre 07.april 2011 sak 015/11, med heimel i viltlova § 43 og forskrift av 25.05.2001 nr.520 om forskrift om kommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort.

1. Inntekt til viltfondet i Lærdal kommune kjem frå:
  - Fellingsavgift
  - Tilskot frå Fylkesmannen
  - Sal av viltkjøt (fallvilt) via ettersøksringane
2. Viltforvaltninga i Lærdal kommune kan nytta midlane i viltfondet til:
  - Ettersøk av fallvilt i kommunen, ved trafikkpåkørsel og kommunale søk etter skadeskotne dyr
  - Leige av ekstern kompetanse til informasjon om viltforvaltning
3. Etter søknad, som skal politisk handsamast etter gjeldande delegasjonsreglement, jmf likevel pkt 4, kan midlar frå fondet i Lærdal kommune nyttast til fylgjande:
  - Bestandsplanlegging og oppretting av storvald
  - Driftsstøtte til storvald
  - Driftsstøtte til hjorteutvala
  - Tilskot til oppsetting av hjortegjerde med inn til 20% av godkjent kostnadsoverslag.
  - Prosjekt eller undersøkingar som bidreg til auka kunnskap og forvaltning av vilt
  - Jegeropplæring
4. Etter søknad får Felles landbrukskontor ÅLA fullmakt til å løyve inn til kr 5 000 frå fondet, til tiltak som er i tråd med punkt 3 i denne retningsline.